

# Tilskot til punktutbetring og trygg skuleveg

## RAPPORTERINGSSKJEMA 2016

Sluttrapporten skal sendast til: [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no) Rapporteringsskjema merkast med: "Tilskot til punktutbetring og trygg skuleveg – rapportering – ref. 2014/13889"

(Alle punkta **skal** fyllast ut).

### Namn på tiltaket

Flytting av busshaldeplass på FV 561 – Toftøy

### Fylkesvegnummer

561

### Søkjar (kommune)

Namn:	Øygarden kommune		
Adresse:	Ternholmvegen 2		
Postnr./stad:	5337 RONG		
Org.nr.:	938 766 223		
Kontonr.:	1503 23 43969	Prosjektnr.: D1612	Ressursnr.:

### Administrativ kontaktperson hjå søkjar

Navn:	Jon Ivar Friborg	Telefon: 56 38 53 40
E-post:	Jonivar.friborg@oygarden.kommune.no	Mobil: 47 66 06 65

### Tidsråme for tiltaket

Oppstart:	13.05.16. Første kontakt med statens Vegvesen for avklaring. Svaret kom ikkje og kommunen starta prosjektering 14.07.2016
Ferdigstilt:	22-12-2016

### Totalkostnad

Tildelt tilskotssum:	600 000,00
Eigenandel (eks mva):	306 655,10
Totalkostnad (eks mva):	906 655,10

### Skildring av tiltaket som er gjennomført

I skildringa av tiltaket som er gjennomført, skal følgjande takast med:

- Kort omtale av før-situasjonen og måla for prosjektet. Legg gjerne ved illustrasjonar og bilete.

- Kva er forventa effekt?

- Var tiltaket retta mot ei spesiell gruppe, i så fall kven?

- Det kan være avvik mellom det som opphavleg var planlagt, og det som vart gjennomført. Kva har skjedd, og kvifor?

-Kort om samarbeidet med Statens vegvesen i dette prosjektet

Busshaldeplassen som er omtala ligg på austsida av FV 561 på Toftøy, på høgde med Toftøy idrettsbane, -skule, -vaksenopplæring og -barnehage. Dette er haldeplass for dei som nyttar bussruter utanom skulebuss som går via FV 225. Dei som nyttar dette stoppet er i hovudsak elevar ved norskopplæring for flykningar og foreldre og barn til barnehagen. I tillegg er haldeplassen for dei som bur i skulen sitt nærområde.

Det er 80-soner på staden. Busshaldeplassen ligg like etter ein høgresving med høg skjering. Autovern og fortau utforma slik at det berre er om lag 50 – 60 meter fri sikt for bilar i nordgåande retning.



Ved å flytte haldeplassen om lag 40 meter nordover og lage ny opning i autovern, blir sikten tredobla til kring 180 meter for nordgåande trafikk. Sikten for sørgåande trafikk vert ikkje redusert. I tillegg til den store gevinsten dette er for tilhøvet mellom mjuke trafikantar og kjøretøya, betrar det også situasjonen for bussen

som ser ventande på busshaldeplassen frå større avstand og lettar tilhøva for buss og andre trafikantar ved utkjøring etter stopp på haldeplassen.

Det er forventa at tryggleiken aukar vesentleg, spesielt for våre nye landsmenn og born som vil nytte den nye idrettsbana som kjem på Toftøy i 2017/2018.

Det er ingen tekniske avvik med gjennomføringa av prosjektet. Tidsmessig har det vore utfordrande å få gjennomført prosjektet innafor fristen, den lange responstida frå STV er ein vesentleg grunn til det. Tiltaket er gjennomført utanom nytt busskur som ikkje er levert av entreprenør. I påvente av levering er eksisterande busskur ikkje fjerna. Dette vil bli gjort straks det er levert.

Det har vore krevjande å få svar frå Statens vegvesen i denne saka. Etter det kommunen har vorte kjent med, hadde STV planar om å gjennomføre dette tiltaket før det kom som løyving frå Hordaland fylkeskommune. Tiltaket var ved tildeling ikkje prosjektert av kommunen. For å unngå mykje sending av søknadar og sakspapir fram og attende spurte kommunen om STV kunne prosjektere tiltaket. Dette kom det ikkje tilbakemeldingar på.